

Himmel&hav

3. ÅRGANG / NR. 3 2025

INFORMASJON



**Bli med på
jubileumsfeiringa!**

Hjelme gamle kyrkje fyller 150 år i år

SIDE 4



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd



Annlaug Børve
Kyrkjeverje



150 år med tru, kultur og fellesskap

I fjar feira vi 150-årsjubileet for Fjell kyrkje. Det var ei veke full av høgtid, glede og takksemd, ei markering av ei kyrkje som har vore ramma rundt menneske sitt liv gjennom generasjonar.

No er det Hjelme gamle kyrkje sin tur.

Når vi ser tilbake på historia, er det nesten uforståeleg kva slit og innsats som ligg bak denne kyrkja. Bygd av folk som ikkje hadde for mykje av materielle goder, men som var rike på vilje, tru og samhald. Folk som bar stein, jord og tømmer til kyrkjestaden, ikkje for å få noko att sjølve, men for at dei og komande slekter skulle ha eit heilagt hus å samlast i.

I dag står kyrkja der framleis, omkransa av steingard og gravplass, som eit vitne om den trua, kulturen og fellesskapet som har forma lokalsamfunna våre gjennom tidene. Ho er ein del av røtene våre. Og røter er ikkje berre historie, dei er livgjevande. Dei gjer oss identitet, peikar på verdiar vi kan halde fast ved, og hjelper oss å stå støtt i urolege tider.

Takk til jubileumskomiteen, frivillige, organisasjonar og bygdefolk som har lagt ned utruleg mange timer for å førebu denne festen. De har løfta fram historia, men også peika framover, på korleis Hjelme gamle kyrkje kan vere ein heim i samtida.

Lat oss difor feire, ikkje berre eit 150-årsjubileum, men også alt det kyrkja står for: trua som ber, fellesskapen som bind oss saman, og glede over å høyre til i ei lang rekke av menneske som har funne vegen til kyrkjebakken.

Utgjevar:

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Ansvarleg redaktør:

Annlaug Børve, kyrkjeverje

Redaktør og grafisk utforming:

Yngvild Mørner Sørheim

Redaksjon: Olai Otterå (Sund sokn), Øyvind Angelskår (Foldnes sokn), Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Olav Martin Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

Framsidebilete: Festkledde mennesker går i tog mot Hjelme gamle kyrkje

Foto: Rolf Inge Hellesund

Trykk: Aksell

Opplag: 4 nummer i året.

Frivillig kontingent:

350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds.

Takk for di støtte!



Bankkonto kyrkjeblad: 1503.84.37590

Vipps - kyrkjemagasinet Himmel&hav:
82511

Innleveringsfrist for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 14. oktober

E-post redaksjon: ys487@kyrkja.no

Kontaktinformasjon

Øygarden kyrkjekontor,
Tytebærbrekko 2, 5353 Straume
Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

Telefon: 400 03 316
Ekspedisjonstid alle kvardagar
kl. 09.30–14.30


E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Nettsider: www.kyrkja.no/oygarden

Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle poskassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekke ut adresser, så om du ikkje ønsker bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelen. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

Innhald



- 04** "Heim i samtid"
- 06** Jubileumsveka
- 08** Konsertar og arrangement
- 10** Historia til Hjelme gamle kyrkje
- 12** Endrar trua vår seg når vi blir eldre?

- 13** Nytt kopertak
- 15** Kultur og kyrkje
- 16** God Nok på klatring
- 18** Livets gang
- 19** Nytilsette
- 20** Barn og unge sine sider

- 21** Nytt ungdomsteam
- 22** T-dagsinvitasjon
- 23** Gospel Teens i Oslo
- 24** Smånytt
- 28** Eit fellesskap å leva i
- 29** Barnekorkonsert
- 30** Gudstenester

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



Jubileumsveke 31/8 til 7/9

«Heim i samtid»

«Du vart reist av folk som smålåtne var. Dei hadde ikkje pengar i fond, men kraft ifrå arbeid i båt og på gard og med viljestyrke og ånd.»
seier Robert Sæle så fint i sitt dikt "Hjelme gamle kyrkje".

Tekst: Jacob Henrik Hellesund, leiar av Jubileumskomiteen

For jubileumsveka har vi latt oss inspirere av historia men vi vil også bringe fram verdiar i dag som vi kan bygge vidare på framover. Visjonen vår er «Heim i samtid» og denne knyter oss også opp til Kulturverndagane. Fram gjennom generasjonar er det mange som har gode minner her i frå. Det vere seg dei som har vakse opp i dette lokalsamfunnet like mykje som tilflyttarar og utvandrarar.

Med den urolege tida vi opplever i verda no med krigar mellom land som vi trur er fredselskande, er

det godt å ha eit lite lokalsamfunn der vi har nærleik, samspel og dugnad. Dette gjer vi i respekt for kvarandre sjølv om det kan vere ulike haldningar, meininger og tru.

Gjennom jubileumsveka ynskjer vi å ta med unge som gamle på vandring gjennom ei 150 års historie. Korleis var livet, kvardagen, kristendommen og trua når kyrkja og gravplassen vart etablert og kva endringar har vore fram gjennom tida.

Vi ynskjer å starte vandringa i Hjelme kyrkje (nye) ved at dei som

vil, kan vandre i turløypa til gamlekyrkja medan andre kører bil. Med vandrestav og dikt gjennom utmarka vil ein oppleve natur, stilla og ro, slik det kanskje var i gamal tid. Eit enklare opplegg i naturen for dei som ikkje kan gå i turløypa.

Konsert på søndag 31/8 opnar jubileumsveka for feiring av kyrkja og kulturverndagane. På tysdag 2/9 kjem elevar og lærarar ved Tjeldstø skule og deltek i vandring, opplever gamle tradisjonar og historia. Onsdag 3/9 er det kulturveld og basar i Hjelme kyrkje (nye) der vi håpar



på inntekter til jubileumsfeiringa, toalett og oppvarminga av Hjelme gamle kyrkje. Fredag 5/9 er det ungdom som trår til med song og musikk. Den store jubileumsdagen blir søndag 7/9 med vandring til kyrkja, gåande gjennom utmarka/turløypa, nokon kører og andre kjem i båt sjøvegen. Ved kyrkja og på kyrkjebakken er vi festkledde, nokon i dagens klede, andre i gamle klede og vi tek mot presten som kjem sjøvegen inn Hjelmevågen før det vert gudsteneste med påfølgjande kyrkjekaffi i Notanaustet og

aktivitet på kyrkjebakken. Utstilling og jubileumsskrift er ein del av feiringa.

Eg er døypt og konfirmert i denne kyrkja. I dag er den ofte eit hyggeleg mål for turen gjennom utmarka eller i båt inn Hjelmevågen. Eg viser den stolt fram når vi har besøk. Det gjev ei eiga ro og stillheit når eg går inn grinda, omgitt av den gamle steingarden, ruslar rundt på gravplassen og monumentet over falne i krigen. Eg er glad og takksam over den positive responsen frå bygdefolk som

stiller opp og gjer ein dugnadsjobb for kyrkja og nærområdet. At vi har organisasjonar som samarbeider om dette, er flott.

Ei stor takk til Nærmiljøutvalet for Bakken krins, Den norske kyrkja Hjelme og Blomvåg sokn, bygda Hjelme, Øygarden Sogelag og Kystmuseet i Øygarden som dannar Jubileumskomiteen, samt medverknad og støtte frå Folkeakademiet Vest og Kulturvernforbundet. Mange takk for gode bidrag i form av tilskott, sponsing, gåver til utlodding m.m.



Jubileumsveke

31. august-7. september 2025

Søndag 31. august

Opning av Jubileumsveka og Kulturverndagane

Kl. 15.00 Utlevering av vandrestavar og vandring fra Hjelme kyrkje til Hjelme gamle kyrkje

Kl. 15.30 Opning av «Jubileumsstien» ved sokneprest Espen Tveten. Ta gjerne med niste og nyt den underveis eller i Notnaustet.

Kl. 18.00 Med Kor i Øygarden, Aud-Karin Lønvik og Øystein Steinsland. Opning ved ordførar Tom Georg Indrevik. Billettar: 200,- på ticketCo

Tysdag 2. september

Kultur i skulen

Kl. 09.00 Tjeldstø skule på tur fra Hjelme kyrkje med kulturinnslag, historie, mattradisjonar, naustmiljø og Hjelme gamle kyrkje.

Onsdag 3. september

Kulturveld med basar i Hjelme kyrkje

Kl. 18.00 Kulturveld med utlodding, basar, kaffi og kake, allsong, diktlesing ved Bjørn Sæle og konsert med mezzosopran Mari Askvik.

Fredag 5. september

Jubileumskonsert med «unge musikkrefter»

Kl. 19.00 To solistar frå kulturskulen, Øygarden skulemusikkorps, allsong og song ved Karen-Oliva Solheimslid.

Søndag 7. september

Jubileumsgudsteneste med kyrkjekaffi og kulturhistorisk del

Frå **kl. 09.00** Info og utlevering av vandrestavar ved Hjelme kyrkje. Vandring på jubileumsstien.

Kl. 10.00 Vi ror i gamle robåtar frå kaia i Hellesund. Meld frå til Audun Sæle tlf. 905 91 351 om du ynskjer å vera med i ein båt.

Kl. 10.50 Tek vi imot presten og fylgje som kjem sjøvegen på kaia i Hjelme.

Kl. 11.00 Jubileumsgudsteneste

Kl. 11.45 Kyrkjekaffi i nausta

Kl. 12.30 Kulturhistorisk del: kyrkja si historie, songinnslag og helsingar. Avslutning ca. kl. 13.30.

Heile veka

Utstilling i Hjelme gamle kyrkje

Sal av jubileumsskrift og mønster/tråd til Hjelmevotten.

Alle arrangementa er gratis med unntak av opningskonserten.

Vi oppfordrar flest mogeleg til å køyre saman og parkere oppe på Hjelmegarden etter visning frå parkeringsvakter. Ein kan også parkere ved Hjelme kyrkje.

KONSERTAR OG ARRANGEMENT

Konsert i Sund kyrkje med
kyrkjemusikarane i Øygarden

— Frå Bach — til Bossa Nova



Fredag 24. oktober
kl. 19.00
Gratis inngang - kollekt



Tysdag 23. september og 18. november
kl. 19.30 I kyrkestova i Foldnes kyrkje

Variert utval av songar; både frå salmeskatten og den allmenne songskatten, både nytt og gammalt, både dei kjende og kjære og nokre spennande overraskingar – men alltid gode songar som det fell lett å synga. Forsongrarar og stødig komp.

Gratis inngang - høve til å kjøpa kaffi og noko å bita i.

FREDAG 29. AUGUST KL. 19.00
I SUND KYRKJE

SOMMARMARKONSERT



Opplev ein kveld fylt med vakker musikk framført av organisten i Sund sokn, Marija Bernotaite! Ho vil spele eit variert program både på flygel og orgel, samt synge.
Gratis inngang med kollekt.

Generasjonskveld

i Landro kyrkjekjellar

torsdag 4. september kl. 17.30
Klesbyttedag

torsdag 16. oktober kl. 17.30
Lefsebaking

torsdag 13. november kl. 17.30
Kranseverkstad

Eit godt fellesskap for alle på tvers av generasjonar. Det blir også god prat, leik, aktivitet tilpassa alder, kakao, frukt og ei forteljing.

Bibeltimar i Nautnes bedehus

Torsdag 28. august kl. 19 ved Asle Hetlebakke

Torsdag 25. sept. kl. 19 ved Odd Sverre Hove

Torsdag 30. oktober kl. 19 ved Ole Corneliusen

Torsdag 27. nov. kl. 19 ved Audun Hjellvik



Konfirmantjubileum 12. oktober 2025

Velkommen til konfirmantjubileum for alle som vart konfirmerte i Fjell kyrkje 1940, 1945, 1950, 1955, 1965 og 1975! Søndag 12. oktober inviterer vi til gudsteneste kl. 11 og deretter fest med talar, middag, kake og kaffi.

Pris: kr 450 (+150 om du ønsker foto tilsendt).

Påmelding og meir info:

www.kyrkja.no/fjell/konfirmantjubileum

Vil du ha påfyll for tru og tanke?

Den norske kyrkja i Øygarden arrangerer temakveldar med variert og spanande innhald, der du kan få oppleve og lære noko nytt.



Oversikt finn du på
www.kyrkja.no/oygarden/vaksenundervisning

Til minne Allehelgenkonsert

Søndag 26. oktober
i Hjelme kyrkje
kl. 19.00

Fredag 31. oktober
i Kausland kyrkje
kl. 19.00



**Velkomne til ein lun konsert med roleg musikk
ved Vivian Steinsland og Øystein Steinsland.
Til minne - songar med trøyst og ro.**

Gratis inngang - kollekt ved utgang

Velkommen til

Allehelgens- gudstenester søndag 2. november

Vi tenner lys for dei
som døydde det siste året.
Sjå side 30 for oversikt.

Sorgseminar i
Foldnes kyrkje
23. oktober
kl. 19.00



Pårørende sine
forteljingar



Hjelme gamle kyrkje 150 år

Tekst og foto: Egil Asbjørn Sæle

I det store Manger prestegjeld var noverande Hjelme sokn ein heller fjern og utilgjengeleg utkant for soknepresten midt på 1800-talet. Dei ti øyane høyrde til Hordabø sokn, og vart kalla Ytre Bø. Det var nordre delen av Alvøy med bygdene Stura, Skjold, Hatten, Hovden og Nordvik, Sæløy med Nautnes, Stølsnes, Sæle, Hjelme og Bakken, Svelingen, Forhjelmo med Hellesund, Hellesøy, Lyngøy, Hernar, Sanden, Sulo og Nordøy.

Det budde om lag 700 menneske her, og det fanst ikkje vegar eller kaiar. All kommunikasjon med omverda skjedde frå små bryggjer med færing eller seksæring, utstyrt med årar og segl.

Kyrkjereisa over Hjeltefjorden til Hordabø eller Manger var farefull og strevsam. Innbyggjarane hadde funne seg i denne situasjonen

gjennom hundreåra før, men noko nytt hende i tida kring 1850 som gav grunn til å vona på ei endring.

Formannskapslovene frå 1837 gav folket sjansen til å engasjera seg i styre og stell på ein ny måte. Tidlegare hadde det vore embetsmannsstyre i distrikta, men no kom kommuneinndeling og folkevalde forsamlingar.

Manger kommune vart skipa etter grensene for prestegjeldet, og frå Ytre Bø vart også nokre representantar valde til kommunestyret. Soknene på Radøy kom tidleg i gang med tiltak som å byggja skular og vegar. Her måtte også dei som budde på vestsida av Hjeltefjorden gjera pliktarbeid, men dei måtte venta lenge på tiltak i sine eigne bygder. Likevel var tida moden for å koma med initiativ for å få byggja si eiga kyrkje.

Klemmet Skjold var den representanten som gjekk i brodden for dette. Han hadde samla 70 underskrifter på eit brev som vart sendt til stiftsdireksjonen. Øybearane skulle etterkvart få hjelp til tiltaket både frå prost og biskop.

Prosten i Nordhordland, Jakob Hveding, hadde vakse opp i distriktet og kjende godt til den tunge kyrkjereisa øyfolket hadde. Han vart ein engasjert støttespelar som tala for å byggja kyrkje og oppretta eige prestegjeld vest for Hjeltefjorden. Det vart sagt om Hveding at han var ein svært folkekjær prost, og at over tusen menneske kom roande og seglande til Lindås i gravferda hans.

Biskop Birkeland i Bjørgvin var også ein pådriver for å utvida eller byggja nye kyrkjer for å oppfylla kravet som Stortinget hadde kome

med om at kyrkjene skulle gje rom til ein tredjedel av innbyggjarane i sokna.

Etter år med møte og planlegging kom det til ei avgjerd med vilkår som kravde stor innsats frå innbyggjarane. Dei måtte yta på ein heilt annan måte enn ved tilsvarande prosjekt i vår tid, og solidarisk innsats var nødvendig. Det handla om særleg skattlegging innan soknet, eige ansvar for lån og praktisk arbeidsinnsats med levering av stein og jord i tilmalte mengder til grunnmur, gravplass og kyrkjegardsmur. Alt som skulle førast fram til kyrkjestaden, måtte berast, fyllast i kiper og leverast med båt.

Då tømmerlasta kom med seks sjekter frå Sogn, måtte fiskarbøndene vera på plass og bera stokkane til kyrketomta der dei vart tilverka. Byggmeister var Jon Jonsen Alver, og arkitekten heitte J. W. Nordan. Det var likevel berre eit første steg som vart fullført med å få kyrja reist.

Hjelme kyrkje var nemleg kyrkje nummer fire i dåverande Manger prestegjeld, og soknepresten var åleine om alle tenester. I tillegg var han svært bestemt på at han ikkje ville kryssa Hjeltefjorden i vinterhalvåret. Skulle folk koma seg til kyrkje vinterstid, måtte dei ro over fjorden som før.

Dei første tiåra fekk kyrkja berre fire til seks gudstenester i året. Kyrkjeskyssen var pliktarbeid, og fiskarbøndene måtte ro i eigne båtar til Manger og vona på at dei fekk presten med seg når dei hadde sjøsett åttringen frå prestegardsnaustet. Ei krone var løna til skysskarane for det 10-12 timars arbeidet som skyssen var.

Først då Hjelme sokn vart overført til Herdla prestegjeld i 1916, vart det slutt på skyssplikta. Det vart då brukt motorisert skyssbåt, og kyrkjelyden kunne få gudstenester heile året, om lag kvar tredje søndag. I 1910 vart Hjelme sokn også eigen kommune, og dette gav ein ny giv for kyrkja. Så skulle det gå endå 40 år før Hjelme

og Blomvåg sokn fekk ein eigen prest, ein kallskapellan, som vart busett i eigne bygder. I 1956 vart Knut Hernes tilsett i denne stillinga. At kyrkjelyden sette pris på presten, kan vi skjøna av det Hernes ein gong fortalte. Han hadde eitt år fått over 20 invitasjonar frå bedehus og skular om å delta på juletrefestar.

I 1967 vart så Øygarden prestegjeld oppretta med soknene Hjelme og Blomvåg. Det var ei slik ordning Jakob Hveding hadde sett føre seg hundre år tidlegare. På denne tida var også planane om å byggja ny kyrkje i Hjelme sokn klare. Det var nye kommunikasjoner og nye krav til bruksmåtar og oppvarming som førte til dette. I 1971 vart ny kyrkje vigsla nær gravplassen i utmarka mellom Sæle og Bakken, men med same namn som den gamle. Hjelme gamle skulle takast vare på og har vore brukt som kulturkyrkje fram til i dag. Restaureringa som vart gjennomført i 2019 har vore med på å auka interessa for å bruka kyrkja som kulturkyrkje.

Sommaren 1929:



5. august 1925 vart det halde festgudsteneste i høve 50-årsjubileet for kyrkja:



Songkoret "Havgula" under eit julearrangement i kyrkja:



Avduking av minnestøtta etter krigen:



Konfirmasjonsbilete frå 1938:



Foto:
Skjermbilete frå
ulike grupper
på Facebook



Endrar trua vår seg når vi blir eldre?

Vi går saman på stien den muslimske koranlæraren og eg.
På veg til kvart vårt oppdrag, han for å undervisa i koranen, eg til
rektoroppgåver på den kristne barneskulen.

Tekst og foto: Alvhild Vassel Eide

Går og pratar, om laust og fast, og om trua vår. –Vi muslimar må gjera så mykje heile tida. Likevel kan vi ikkje vera sikre på å verta frelse. For dykk kristne er det enkelt, berre å tru på Jesus.

Som i eit lysglimt ser eg på nytt at å tru på Jesus er nok. Frelst og fri på grunn av Jesus åleine, det gjeld frå no og inn i æva. Kan kvila i trua på Jesus. Kan stola på at nåden gjeld og held. "For av nåde er de frelse, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er guds gåve."

Ef 2,8.

Frå Madagaskar: eit menneske i ei hand, i Guds hand (sjå illustrasjonsbilete). Å vera trygg i Guds hand høyrer trua til, får stola på det som ung og sprek, og ikkje mindre som gamal og når kreftene minkar. Salme 103.

Frelst av nåde, trygg i Guds hand står fast.

Er det min følelse, min opplevelse at trua er endra? Er ikkje lenger

så aktiv som før i tenesta i Guds rike. Maktar ikkje laga så mange gevinstar, maktar ikkje lenger å baka til kyrkjekaffien, klarer ikkje lenger å møta opp på alle tilstellingar slik som før.

Er det motløysa som tek energien og glede frå oss? Opptatt av alt rundt oss som kan vera deprimerande og skapa motløyse og håpløyse. Då er vi ikkje den positive motvekta til det som dreg ned, som vi skal vera. Når vi har Jesus i synsfeltet, held vi motet oppe.

Skal ikkje tenkja på alt vi ikkje maktar. Jesus kjenner oss og veit kvar aktivitetsgrensene våre går. I kyrkja på Madagaskar arbeider dei utifrå denne setninga: Use your talent = bruk talentet ditt. Kanskje vi skal leva etter det? Vi kan vera takksame for det vi har bidratt med før og for det vesle vi no kan ta del i.

Kanskje endrar trua seg frå ei aktivitetstru til ei kvilande tru når vi blir eldre? I Kamerun lærde eg

ordtaket: «Under treet kviler du, men er samtidig førebudd på alt.» Under treet er staden for å prata, lytta, fundera, diskutera, planleggja og konkludera. Eller berre sitja og lata tankane fly.

Tenk deg at du sit under eit tre i ein god stol, du slappar av, du kviler og du let tankane fly. Dei flyg både langt og kort. Tankane formar seg til bøn. Du kviler samtidig som du er i arbeid.

Gud unner oss kvila. Salme 23.1-2. Vi kan kvila med godt samvit og i glede over at Gud går med i alle slags dagar, både når energi og engasjement er på topp og når vi må ta det litt med ro.

Jes 46.4: Gud seier: «Eg er Han, heilt til de blir gamle, eg vil bera heilt til håret er grått. Eg har alt gjort det. Eg lyfter, eg ber og bergar.» Du er frelst av nåde; du er trygg i Guds hand. Det gjeld og held gjennom heile livet, heilt til håret er grått!



Eitt av brurepara som gifta seg i den nyrenoverte kyrkja denne sommaren var Ragnhild Nilsen og Erik Sandberg.

Foto: Søgnie Nilsen



Tårnet står klart til nye tider

No står tårnet på Fjell kyrkje ferdig med nytt kopartak.
Stillaset vart fjerna i midten av juni, akkurat i tide til bryllaupssesongen.

Tekst: Yngvild Mørner Sørheim
Foto: Sharon Cristina

Prosjektet med å renovere taket på tårnet er no ferdigstilt. I midten av mai vart det nye spiret, 80 kilo tungt, heist opp med kran og sett på plass. Om lag halvparten av materialet er nytt, då delar av det gamle spiret var rusta. Det nye flotte kopartaket kjem ikkje til å bli grønt slik som det gamle, men vil halde på den lune, brune fargen i mange år framover.

Soknerådsleiar Eigil Nødtvedt kan fortelje at kyrkjegjengarane er veldig fornøyde med resultatet. Det kan ein òg sjå på antal vigslar det har vore denne sommaren. I juni og juli har 11 brudepar sagt ja til kvarandre i Fjell kyrkje. Etter ein lengre periode med arbeid og avgrensa bruk, har det vore ei glede å igjen kunne opne dørane på vidt gap.

Det neste prosjekter for kyrkja er oppussing av kyrkjelydssalen. Her ventar vi på endeleg godkjenning frå biskopen før arbeidet kan settast i gang. Arbeidet vert i hovudsak utført av frivillige, og leiar av oppussingskomiteen er Mali Hjeddal.



Aktuelt frå Øygarden kommune



Stortings- og sametingsvalet 2025

Førehandsstemming

Du kan førehandsstemma i desse lokalat:

Innbyggartorg og bibliotek:

- Bibliotekshagen Sartor Storsenter, ope mån-fre kl. 21, laurdag til kl. 15, førehandsstemminga sluttar 5. september kl. 17
- Skogsskiftet og Rong, ope mån-fre kl. 19, laurdag til kl. 15, førehandsstemminga sluttar 5. september kl. 17

Institusjonar: På oppsette tider 2. og 3. september

Sotra vidaregåande skule: På oppsette tider 1. september

Du kan førehandsstemma i kva kommune du vil. Stemmer du i ein annan kommune enn der du er folkeregistrert pr. 30.06.25, må du stemma innan 5. september.

Valldagen 8. september – Stemmelokale og opningstider

Du kan stemma i kva som helst av desse 12 vallokala, mellom kl. 09.00 og 21.00:

- | | |
|-----------------|-----------------------|
| • Strandahallen | • Brattholmen skule |
| • Spildehallen | • Hjelteryggen skule |
| • Sundhallen | • Foldnes skule |
| • Ulveset skule | • Ågotneshallen |
| • Bildøyhallen | • Hjeltefjorden Arena |
| • Bjørøy skule | • Tjeldstø skule |

For å stemma ved stortingsvalet på valldagen, må du ha stemmerett og stå i manntalet i Øygarden kommune. Er du folkeregistrert i ein annan kommune, må du førehandsstemma innan 5. september. Du kan ikkje stemma ved sametingsvalet på valldagen.


Stemma heime

Om du på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan stemma i eit vallokale, kan du søkja om å førehandsstemma heime. Då kjem det to valmedarbeidarar heim til deg, og tek imot stemma di. Søknadsfrist 4. september, kl. 12.

Du kan søkja ved å ringa kommunen på tlf. 56 16 00 00.

Du finn meir informasjon på nettsida til kommunen
ØYGARDEN.KOMMUNE.NO/VAL

Bruk stemmeretten din!



Velkommen til eldredagen!

Den 1. oktober kl. 12.00 – 15.00 markerer vi den internasjonale eldredagen på ODEON Kino Sotra.

Her er noko av det du får med deg:

- Kva planar har kommunen for sjukeheims-plassar og andre pleietilbod?
- Korleis skal vi innretta oss for å bu lengre i eigen bustad?
- Korleis kan bustaden vår bli endå meir tenleg? Kommunen gjev aktuell informasjon. Møt opp og fortel kva som er viktig for deg!

God bevertning.

Arr.: Eldrerådet og Pensjonistforbundet



Kva skjer?

Måndagar:

- Seniordans, kulturhuset Rong, kl. 16.30-19.00

Tysdagar:

- AKTIV+, Sotra Arena, kl. 10.30-11.30

Onsdagar:

- TREFF+ Demenskor, Grønamyrvegen 10, kl. 12.30-14.00
- Seniordans Skogsvåg: Aktivitetssenteret, kl. 16.00-18.00

Torsdagar:

- Seniortrimmen, Hjeltefjorden Arena, kl. 10.30-11.30
- Trim for Seniorar, Hidlamyrane omsorgsbustader, Skogsskiftet kl. 11.15-12.00
- TREFF+ Allsong, ODEON Kino Sotra, kl. 13.00-14.00

Fredagar:

- Seniortreffet, Aktivitetssenteret, Skogsskiftet kl. 11-14
- Fredagsdansen, kultursalen Øygarden rådhus kl. 19-23



Kultur og kyrkje

Song, musikk, dans og kunst, språk og tradisjon. Kva er felles for desse? Jo, kultur. Men kva er kultur? I følgje ordboka er kultur «menneskeleg framferd som uttrykk for miljø, oppseding og utdanning - danning.» Det er også «haldningar, verdiar og normer som rår hos ei viss gruppe menneske eller i visse samanhengar». Det er altså noko som er felles og samlande for ei gruppe, noko som fører til at gruppa kjenner at «vi hører saman».

Kva er kulturen i Den norske kyrkja i Øygarden, kva er samlande for oss som opplever at vi hører til her? Kva er kulturen i din kyrkjelyd? Det er heldigvis ikkje eitt svar på det spørsmålet. Kvar kyrkjelyd har sin kultur fordi den blir påverka av menneska som utgjer kyrkjelyden. Det betyr at akkurat du påverkar og kan påverke kulturen i din kyrkjelyd, i

di kyrkje. Eg håpar du er med og kan vere med å påverke kulturen i din kyrkjelyd og i di kyrkje. Ein kultur der du er trygg, får vekse og kvile.

I Den norske kyrkja i Øygarden skal vi vere nær Gud og nær menneske. Kyrkjene er viktige bygg både for dei som er faste kyrkjegjengarar, og for lokal-samfunnet generelt. Dåp, konfirmasjonar, vigslar og gravferder. Store livshendingar skjer i kyrkja, store kulturelle hendingar. Når store ulykker og tragediar inntreffer, då opnar kyrkja dørene, folk samlast blant anna til minnestund og tenner lys. Det skjer ofte i kyrkjerommet.

Kyrkja er meir enn eit bygg, det er eit viktig rom. Desse romma skapast også utanom kyrkjebygga: «For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.» (Matt 18:20).

I 150 år har menneske vore nær Gud og nær menneske i Hjelme kyrkje. Ei kyrkje som har sett sine spor på kulturen i øyriket i nord, eit bygdefolk som har fått sett sitt preg på kulturen i kyrkja nede ved havet. La oss be om, uansett bygg, uansett rom, at vi får setje preg på kulturen rundt oss ved å vere nær Gud og nær menneske med Guds gode bodskap om Jesus og hans gjerningar for oss.

Lat oss difor lovsyngje Gud, vel forankra i kulturen vår. Eg helsar dykk med «songarens vesle bibel» Kol 3:16.

«Lat Kristi ord få rikeleg rom hos dykk, så de med visdom kan undervisa og rettleia kvarandre, med salmar, hymner og åndelege songar. Syng for Gud med takk i hjarta!»



–Eg var heilt på toppen!

Siste mandagen i mai var 25 elevar frå Landro skule og klatra ved Øygarden klatresenter.

Tekst og foto: Synnøve Elvina Engelsen



–Eg er God Nok! seier ein av dei når han kjem hoppande ned klatreveggen og smiler.

Han og dei andre elevane har gjennom heile dette skuleåret vore med på God Nok og no er det avslutning med pizza og klatring. Følelsen av meistring er stor!

God Nok er eit unikt samarbeid mellom Landro skule, skulehelsetenesta og Landro kyrkje. Det er helsesjukepleiar Charlotte Jørgensen og diakon Synnøve Elvina Engelsen som leier arbeidet og dei har også med seg fire gode frivillige medarbeidarar. Tilbodet er livssynsope og føresette melder på elevane.

Målet med God Nok er å gi elevane eit godt og inkluderande fellesskap, ein stad å høyre til, relasjonsbygging til trygge vaksne, og utfordre dei til å stå for sine eigne val, og å kjenne at dei kan stå støtt i seg sjølv. Dei er GOD NOK! Annankvar måndag er dei samla i grupper på skulen for å snakke om følelsar som nysgjerrigkeit, sorg, glede og tryggleik. Diakon Synnøve leier samtalane i gruppene og vil gje dei eit språk for følelsar og ei bevisstgjering på kvar dei ulike

følelsane sit i kroppen. Kvar sit sorg? Kvar kjenner ein glede?

Helsesjukepleiar Charlotte er også med i samtalene og leiar gruppene når tema er søvn, venskap, utanforskap eller mobbing. Elevane har også fått bestemme litt kva dei vil snakke om i gruppene. Rektor ved Landro skule, Anita Vabø gjev God Nok to timer av undervisningstid annankvar måndag, slik at elevane kan få bli med. –Dette er ein gåvepakke! Konseptet God Nok gjev elevane våre eit godt grunnlag for å stå støtt i seg sjølv og ei bevisstgjering på kven dei er og at dei er viktige for andre rundt seg, fortel Anita. Ho seier at dette samarbeidet er unikt og utfyller kvarandre sine ressursar inn mot denne aldersgruppa. Ho er overbevist om at God Nok gjev elevane ein god ballast vidare i livet. –Dette er så forebyggande! Og med fagpersonar som diakon og helsesjukepleiar er God Nok eit unikt arbeid.

Når det ikkje er grupper på skulen, er det «etter skuletid» i Landro kyrkje. Alle må gå gjennom God Nok-døra for å kome inn. Her er det ei lita samling med fokus på gode ord som takksam, tryggleik, glede. Dei som vil, skriv tankar om

dagens tema på lappar og tenner lys i globen. Det er dei sjølve som bestemmer kva dei skal skrive og kva dei tenner lys for. Etterpå er det felles måltid, leik og aktivitetar i kjellaren. Det magiske her er at relasjonane til kvarandre vert sterke og dei får fleire å være saman med. «Rollene» dei har på skulen vert oppløyst og dei blir kjende med fleire. Det er høg lyd og herleg stemning!

Tilbodet God Nok skal utvidast til fleire skular og det er håp om å starte opp på Ågotnes skule til hausten. Men det trengs flotte gode frivillige med i dette arbeidet. –Dette er så fantastisk fint å vere med på! Eit viktig arbeid for 7. trinn som skal vidare ut i verda, bekreftar Jarl Heggernes og Ragnhild Bjelland som er frivillige i God Nok.

–Alle elevane i Øygarden skulle hatt dette tilbodet året før dei startar på ungdomsskulen, meiner Jarl og Ragnhild.

Dagen med klatring er over og alle skal heim. –Er dette verkeleg siste gangen med God Nok? spør elevane. Diakonen bekreftar at der er det; –men hugs at du er alltid God Nok!



LIVETS GANG

27. april - 3. august

DØYPTE

Kausland kyrkje

Olivia Sofie Tjøng
Angelica Leknes
Ellie Haugsvær
Lilo Linnéa Dahlman Schurmeyer
William Tudor Hesjedal
Nellie Starheim

Sund kyrkje

Synne Årvik Nygård
Jens Høyland Golten
Ella Vallestad Antonesen

Fjell kyrkje

Aksel Sakslo Nordanger
Liam Træet Jansen
Tuva Sandstø Fosse
Theo Sekkingstad
Tuva Drønen Spilde
Sverre Kolltveit Stautland
Ludvig Solsvik Steen
Maren Sofie Hovland Seim
Emily Landro Takle
Vilje-Elise Hylland
Leah Økland
Elise Ulvatn Fardal
Josephine Rasmussen
Ellinor Hannisdal Nybøe
Styrk Kausland
Katrine Løvhaug Bøe
Mio Fosshagen
Nora Valentina Ekren
Elea Eide Toft

Foldnes kyrkje

Louise Drageset Sangolt
Olivia Rindal Skibenes
Ella Knarvik Hammerich
Marielle Larsen Teisbo
Emily Pham Danielsen
Emil Risa Midttveit
Iben Melstokkå-Telle
Kasper Risa Midttveit
Arvin Backus Haji
Andreas Tufteland
Leon Hopland Christensen
Jakob Sønstabø Mjelstad
Ivar Størstad Sture

Noah Christoffer Olsen
Liam Christoffer Olsen
Jeppe Bratland Nordtømme
Tor Angeltvedt Gasbjerg Lægreid

Landro kyrkje

Lars-Birger Lynglund
Odin Winther Langeland
Kevin Madulin Kvamme

Blomvåg kyrkje

Emil Dale Olsen
Kasper Ims Ellingsen
Konstanse Torsvik Pedersen
Kevin Holandsjø

Hjelme gamle kyrkje

Ellinor Hjelme

Hjelme kyrkje

Boas Sandøy Kjenes

VIGDE

Kausland kyrkje
Åshild Lunde og Trygve
Fjeldheim Hovelsen

Sund kyrkje

Kristine Heimdal og Andreas
Stubsve Skjoldal
Irene Melkevik og Ivar Emil Sangolt

Fjell kyrkje

Susanne Eirin Ekren og
Andreas Iversen Østgulen
Susanne Stenehjem og
Raymond Kristiansen
Mariell Ophaug og Nils
Olav Trellevik Vågenes
Silje Rokstad Børnes
og Espen Haugs
Tonje Ailin Lokøy og Thomas
Runningen Lyngbø
Vanessa Stefania Revheim
og Jakob Todnem
Ragnhild Nilsen og Erik Sandberg
Cecilie Nysæter Gerhardsen
og Ørjan Oppermann
Rebecca Kallestein Markhus

og Hans Wilhelm Viksøy
Johanna Elise Emmerhoff og
Sondre Johan Knardal
Silje Karin Sjursen og Simen Tislevoll
Benedikte Wasbø og Elias Vikesland

Foldnes kyrkje

Malin Lois Jakobsen og
Benjamin Beck-Sørensen
Lene Kvinge Lerøy og Ørjan Kvalvåg
Marian Frydenlund Meyer
og Jan Christer Selstø
Tiril Falch Solheim og
Lars-Petter Einarsen

Blomvåg kyrkje

Fatima Skålnes og Ole
Martin Aasen Glesnes
Anette Forland og Sindre Thorsen
Lydia Karina Sandøy Rong
og Kristen Kvalheim
Emilie Landro Nordhaug
og Kristoffer Rokseth
Vilde Hitsøy og Kim Tejas Eriksen
Silje Marie Haugland Ryland
og Jens Kristian Toft
Julie Natasha Grundvåg
og Matija Ulic'evic'
Frida Sofie Hellesøy Sæle
og Johannes Mjøs

DØDE

Kausland kyrkje

Anne Marie Hopland	f. 1935
Solveig Anne Glesnes	f. 1946
Sigrid Hansine Nilsson	f. 1938
Bjarte Sveinung Glesnes	f. 1969
Astrid Kjellaug Kausland	f. 1945
Villy Osvald Kausland	f. 1946
Knut Bakke	f. 1952

Sund kyrkje

Solveig Røysland	f. 1932
Nelly Olaug Kleppevik	f. 1925
Inger Elisabeth Stigen	f. 1949
Ingeborg Einevoll	f. 1937

Aslaug Alfrida Høyland	f. 1925
Berit Viksøy	f. 1941
Fjell kyrkje	
Daniel Arnesen Sunde	f. 1987
Bjørn Arild Kristiansen	f. 1963
Helge Larsen	f. 1939
Rigmor Alfild Einarsen	f. 1945
Tore Arne Ekren	f. 1965
Odd Mikal Kallestad	f. 1938
John Marius Sekkingstad	f. 1934
Anne Margrete Ekerhovd	f. 1943
Liv Nancy Eliassen	f. 1947
Margun Fjell	f. 1928
Anna Helena Trengereid	f. 1929
Lillian Jacobsen	f. 1968
Lillian Oddlaug Geitanger	f. 1931
Foldnes kyrkje	
Lars Gunnar Lie	f. 1938
Hans Richard Drange	f. 1942
Ivar Hagstrøm	f. 1944
Arne Ragnar Rasmussen	f. 1930
Klara Bothilde Skoge	f. 1925
Turid Henriette Aase	f. 1948
Svein Hendry Raa	f. 1945
Svend Aage Hosmann	f. 1941
Wenche Karin Lajic	f. 1951
Erna Askeland Bildøy	f. 1941
Valborg Kaurin Nilsen	f. 1943
Anneli Solbakken	f. 1967
Alf Viggo Johnsen	f. 1943
Anny Margrete U. Ellefsen	f. 1949
Ingunn M. H. Bildøy	f. 1946
Svein Ole Strømme	f. 1952
Irene Eriksen	f. 1964
Bjørn Simon Bunkholt	f. 1946
Landro kyrkje	
Hans Norvald Lie	f. 1975
Jonas Solsvik	f. 1997
Drude Pedersen	f. 1946
Leif Heldal	f. 1953
Inga Misje	f. 1930
Villy Turøy	f. 1956
Johannes Olai Turøy	f. 1935
Blomvåg kyrkje	
Karl Annfinn Blom	f. 1928
Ove Rong	f. 1949
Margrethe Myklestad	f. 1936
Astrid Andrea Veivåg	f. 1927
Birger Alf Torsvik	f. 1934
Hjelme kyrkje	
Ingvald Rolf Pahr	f. 1936
Kåre Ingolv Sæle	f. 1945
Jakob Norvald Alvheim	f. 1939
Arve Hellesøy	f. 1966

Nye ansikt i kyrkjestaben

Vi er glade for å presentere fleire nye tilsette som har starta opp i ulike rollar i Øygarden kyrkjelege fellesråd.



Jakob Listou Kvam byrjar i august som ungdomsarbeidar i 20 % stilling i Fjell kyrkje. Han vil arbeide særleg med konfirmantarbeid, KRIK og Tweensarbeid.



Ole Kristian Hamre har vore kyrkjelydsarbeider hos oss i fleire år. No skal han ha eit års permisjon frå denne stillinga for å gå inn i ei stilling som prostiprest i Vesthordaland prosti.



Erlend Dale Løvfall har arbeidd som kyrkjegardsarbeidar hos oss i nokre år, noko som han framleis skal gjere. Men han har i no også gått inn i ei stillinga som fagansvarleg for kyrkjebygga våre.



Torstein Vassnes har arbeidd som kyrkjegardsarbeidar hos oss i mange år, noko han framleis skal gjere. Men han har no også gått inn i ei stilling som fagansvarleg for gravplassane.



Kristine Dale byrjar i august i ei 100 % mellombels stilling som kyrkjelydsarbeidar med fokus på ungdom i Foldnes sokn og FUNK. Stillinga er knytt til konfirmantarbeid, leiartrening, ungdomsklubb, smågrupper for tweens og ungdom, leir og gudstenestearbeid.



Sunniva Hellesøy byrjar i august i ei mellombels stilling som kyrkjelydspedagog knytt til Fjell sokn. Stillinga er knytt til konfirmantarbeid, leiartrening, tweensklubb og gudstenestearbeid.

Vi ønskjer dei alle lukke til i arbeidet og ser fram til å jobbe saman med dei i tida framover!

KVA SKJER?

Barn og unge i Hjelme og Blomvåg sokn

LEIR PÅ SKJERGARDS- HEIMEN	REFUEL	KRIK	GOSPEL TEENS	SMÅBARN- SONG
11. oktober: Leirdag for 1. klasse	5. september 19. september 3. oktober 17. oktober 31. oktober 14. november 28. november 12. desember	12. september 26. september 24. oktober 7. november 21. november 5. desember 19. desember Hjeltefjorden arena	2. september 16. september 30. september 14. oktober 28. september 11. november 25. november 9. desember	9. september 23. september 7. oktober 21. oktober 4. november 18. november 2. desember Blomvåg kyrkje kl. 17.30
12. oktober: Leirdag for 2. klasse				
18.-19. oktober: 3. klasseleir				
5.-7. desember: 4. klasseleir	Rong senter kl. 19.30–22.00	kl. 19.30–21.30	Blomvåg kyrkje kl. 18.00	

Påmelding:
kyrkja.no/
hjelmeogblomvag/leir

TWEENSFEST

7. november kl. 18-20.30 i Blomvåg barnehage for 5.-7. klasse!

Barne- og tweens- program i Sund kyrkjelyd



Stjernekoret

Likar du å synge?

Stjernekoret øver i Sund kyrkje
ca. annankvar tysdag:

2., 16 og 30. september

14. oktober

HalloVenn-konsert 28. oktober

11. og 25. november

9. desember

For deg som er mellom 4-9 år.

Vi møtes kl. 17.30-18.30.

Betweeneklubb

kl. 17:30 til 19:30

Frå 4. klasse og oppover!
I kyrkjekjellaren, Sund kyrkje.
**Vi leikar, ulike aktivitetar,
lærer frå Bibelen, et kvelds
saman.**

23. september

21. oktober

18. novemer

16. desember

Myldredag

kl. 17-19

**Middag, bibelforteljing,
aktivitetar og fellesskap.**

Kyrkjekjellaren i Sund kyrkje

9. september, 7. oktober,
4. november, 2. desember

Kyrkjelydshuset på Kausland

17. september, 15. oktober,
12. november, 3. desember

Barnekryssord



Teamet f.v: Jonatan Olsen, Ovedie Tangvik, Karen Orre Rye og Bjørnar Bull Karlsen

Nytt team i Hjelme og Blomvåg

For tredje år på rad skal fire ungdomar tilknytta Helgeland folkehøgskule vera ungdomsteam i Hjelme og Blomvåg. Karen Orre Rye frå Meldal, Ovedie Tangvik frå Trondheim, Jonatan Olsen frå Jølster og Bjørnar Bull Karlsen frå Sandnes skal det neste året bu i «Larestova» på Vik. Der skal dei få mykje besøk av både konfirmantar og andre ungdomar. I tillegg skal dei vera med på leirar på Skjergardsheimen, Tweensfest, Refuel, KRIK, besøke barnelag og mykje meir.

Dei gleder seg veldig til å bli kjent med ungdomane og borna her. –Eg synes dette verkar som eit bra og viktig arbeid! seier Ovedie. Jonatan og Bjørnar er enig. –Dette trur vi kan bli eit spennande og litt anna type «friår». Det blir også ei moglegheit til å vekse i rolla som ungdomsleiar. Karen seier ho fekk Øygarden veldig på hjartet og følte dette var ein plass Gud ville sende ho. –Eg trur teamet kan få bety mykje for barn og unge her ute og det vil eg vera ein del av!.



Vannrett

1. Syv dager
3. Uvær
6. Liten stat
7. Forbindelse
8. Junior
9. Ferdelsåre
10. Erik Andersen
11. To like

Loddrett

1. Øy m/fyr i Rogaland
2. Males til mel
3. Jentenavn
4. Labans to døtre: Leah og
5. Finmalt sukker
9. Oslo-avis



Bli med i trekninga av:
to barnemenyer og to medium
Whopper Cheese menyer
inkludert is til dessert på
Burger King Sartor storsenter!

Send inn kryssord til:

Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume
Merk konvolutten:
Kryssord

Frist: 14. oktober

Vinnar av Barnekryssord
i Himmel&hav nr. 2 – 2025:
Tomine og Sofie S. Halland
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

.....



T-dagen

Trusopplæringsdagen
i Fjell, Foldnes og Landro



T4 T6

Kyrkjeboka mi og skulestart
Søndag 7. september i Foldnes og Landro



T11

På sporet
Laurdag 27. september i Landro kyrkje



T10

HalooTweens
Fredag 24. oktober i Fjell kyrkje



T4

Kyrkjeboka mi
Søndag 9. november i Fjell kyrkje



T12

LysVaken
22.-23. november i Fjell kyrkje



Påmelding og meir info:
kyrkja.no/t-dagen

Basar

i Fjell kyrkje

Laurdag
18. oktober kl. 16!

Med åresal, loddbok, kaffi og
kaker, andakt, barnelotteri,
og mange flotte premiar!

Inntektene går til kyrkja sitt
mangfaldige arbeide, både
lokalt og globalt.



FOR FØRSTE GONG I BERGENSMÅRÅDET:

Musikalsk Tapas

i Foldnes kyrkje
tysdag 30. september kl. 19.00

Diana Moisejenkaite og Jan-Tore Saltnes, to av Noregs mest leikne og allsidig musikarar, gir dykk eit vakkert og virtuost program! Her får de alt som spenner frå kjende viser og klassiske perler, til eigenkomponerte songar og musikk frå ulike kulturar, alt gjort med stor formidling og eineståande musicalitet.

Billett: 250,- i døra eller på www.jts.no



Gospel Teens til Soul Children Festival

Fredag 30. mai reiste 32 Gospel Teens'ere og 15 vaksenleiarar og foreldre til Oslo for å delta på The International Soul Children Festival 2025 i Oslo spektrum.

Tekst: Olaug Rong

Festivalen starta fredag kveld med eit forrykande Kick Off Party med mykje song, musikk og dans. Laurdag morgen var me på plass att i Oslo spektrum til morgonsamling med andakt, lovesong og konkurranser. Etterpå starta Mass Choir øvinga med 1800 koristar!

Laurdag ettermiddag gjekk det store felleskoret i parade opp Karl Johans gate til Universitetsplassen der det var ein stor friluftskonsert med Mass Choir og ulike gjeste-

artistar. Dette var ei fantastisk oppleving på tross av at det var svært varmt. På kvelden var det Saturday Night Live med endå meir song og musikk, og opptreden av Lindéh, Ramon, Lisa og Sofie Børud og Myra.

Søndag var det ny morgonsamling og øving med Mass Choir, som vart avslutta med ein storslått Soul Church Concert i Oslo Spektrum. Denne fekk me ikkje vera med på, då me måtte nå

flyet til Bergen sidan rullebana på Flesland vart re-asfaltert.

Me hadde ei fantastisk helg i Oslo på Soul Children Festival, og er takksame for alt me fekk oppleverte. Me fekk minne for livet! Takk til Gud for beskyttelse og leiing gjennom helga.

Takk til Øygarden kommune, Blom Fiskeoppdrett, Sparebanken Norge og Hjelme og Blomvåg sokneråd for økonomisk støtte til turen.

SMÅNYTT

Ungdommen samla til lovsong

Ein onsdagskveld i juli samla ungdomane i Øygarden til ein herleg lovsongskveld i Blomvåg kyrkje. Kyrkja var nydeleg pynta med friske blomar frå Blomsterbua, og stemninga var god. Tusen takk til dei flotte, initiativrike og engasjerte ungdomane våre som drog i gang denne kvelden.



Ein protest mot lidingane

Over 400 kyrkjeklokker i Noreg ringde for Gaza torsdag 7. august kl. 15. I Øygarden vart markeringa lagt til i Foldnes kyrkje. Her var det open kyrkje der ein kunne tenne lys og be.



Biskopane i Den norske kyrkja har teke initiativet til denne markeringa fordi den humanitære situasjonen på Gaza er så heilt forferdeleg - for borna, for dei som ikkje ser vona for morgondagen, for gislane som er tekne til fange.

Sommartradisjon på Tofterøy

I juni vart ei gudsteneste i Sund flytt til den såkalla Bygnaden i Trellevik på Tofterøy. På denne søndagen var det gudsteneste ved sokneprest Lars Arne Vik, Tofterøy-speidarane var òg med. Det musikalske innslaget stod også soknepresten for, for han hadde teke med seg ein gitar som han brukte til å spela til salmane med.



Kyrkjekaffien vart halden i Skjenkestova like ved Bygnaden. Alle som hadde funne vegen til Trellevik denne søndagen fekk plass til kyrkjekaffien der inne.

Olai Otterå

Sommarfest i Landro

Gudsteneste med dåp og stort dåpsfølgje, fine sommarsalmar med barnekoret som forsangarar og song av barnekoret. Barnekoret framførde også teksten frå Apostelgjerningane 9 om Saulus som vart stoppa av eit stort lys på vegen til Damaskus og ført til Ananias sitt hus. Ei av jentene las teksten, mens resten av koret og kantor Eline «spelte» handlinga og presten forklarte litt i etterkant.



Etter gudstenesta var heile forsamlinga invitert til middag i kyrkjekjellaren, sidan vermeldinga var litt usikker. Men grillmaten stod klar og kaffien var trekt. Nokon hadde gjort ein jobb, mens vi andre berre kunna forsyna oss! I gangen stod lukkehjulet, sporløpet var lagt ut rundt kyrkja og praten gjekk livleg.



Teksten og tonen frå postludiet som var framført av barnekoret følgjer oss ut av kyrkja og heim: «My life is in your hand!». Takk for den glade sommarfesten!

Alvhild Vassel Eide



Song og salme på historisk grunn

Tradisjonen tru vart det også denne sommaren gjennomført ei friluftsgudsteneste ved steinane etter kyrkja som stod på Tyssøy på 1300-talet. Sokneprest Lars Arne Vik leia gudstenesta, og han hadde med seg både Sund Blandakor og Sund Brass. I tillegg til desse var det også ein del andre kyrkjegjengarar som hadde funne vegen til Tyssøy denne søndagen den 22. juni, så det var ein fin gjeng som var samla på bakken framfor kyrkjesteinane.

Sund Brass innleia det heile med eit musikkstykke, og det var også dei som avslutta gudstenesta. Dei hadde òg nokre musikkinnslag elles i gudstenesta. Også Sund Blandakor hadde fleire innslag med song, m.a. Mitt heimstadland av Johannes Kleppevik. Elles hadde organist Marija Bernotaite med seg eit elorgel som ho spelte til salmane på.

Vêret var litt utrygt under heile friluftsgudstenesta på Tyssøy, men regndropene heldt seg borte heilt til kyrkjekaffien stod på programmet. Men sjølv om det kom nokre dropar smakte kaffien og kakene godt, og praten gjekk også godt.

Olai Otterå

50 år sidan dei var konfirmantar

I juni vart det stelt i stand feiring av jubilantane som vart konfirmerte i Blomvåg kyrkje og i Hjelme kyrkje for 50 år sidan! Dei vart markerte under gudstenesta og fekk feire saman etterpå.



I Blomvåg kyrkje bak frå venstre: Oddvar Vik, Atle Rong, Knut Sæle Haugetun, Geir Blomvågnes, Gunnar Kåre Andersen Wågenes. I midten frå venstre: Kari Josefine Oen, Marie Johanne Fjellhaug, Vivian Karin Knarvik, Solfrid Knarvik Pahr, Vailett Hauge Lillebø, Kari-Helen Rossnes Lie, Mona Lillian Dale Oen. Framme frå venstre: Helene Vik, Elna Marie Torsvik, Jane Torsvik Jacobsen, Vigdis Rong, Linda Rong Jakobsen.



I Hjelme kyrkje frå venstre: Evy Oline Oliversen, Steinar Harkestad, Edel Anny Byrkjeland, Einar Sanden, Bente Hellesøy Guntveit, Nils Per Hellesund, Helen Nelly Dale, Bente Jorunn Hatten Tvedt, Evy Mattingsdal og Gunvor Torill Haugerød.

TAKK TIL VÅRE ANNONSØRAR

Vi gir deg ro til å hedre den som har gått bort.

HEDER | SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ

Sartorgården, 2. etg. over Meny, 5353 Straume
Tlf: 55 55 16 16 | solstrands.no | post@solstrands.no



Bergen&Omegn

BEGRAVELSEHJELP

POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Fjell-ly Misjons- og konferansesenter AS

- Leir - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

Tlf. 56 31 04 40 / 47 47 60 29

Fjell-ly AS, Møvikvn.193, 5357 FJELL
www.fjell-ly.no Epost: dagligleder@fjell-ly.no



Interflora

Sund Senter Blomster

Opningstider
Mån.-ons. kl. 09-18, tors.-fred. kl. 09-20
og laurdag kl. 09-16

Vi er fagudanna og utfører alt i binderi til fødsel, dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder - og elles det du måtte ønskja. Vi har utkjøring av blomar kvar dag. Vi har gravstell.

Tlf.: 56 33 90 13



Din lokale elektriker!

Thunestvedt
Vestgar

Møllestykket 21
5360 Kolltveit
Tlf. 400 30 210
vestgarelektr.no
vestgar@thunestvedt.no

Himmel&hav

Vil du synast for alle innbyggjarar i Øygarden kommune?

Bladet hamnar i alle postkasser i Øygarden, og det er 4 utgåver pr. år med eit opplag på ca. 15 000

Ved å annonse i Himmel&hav får du gjort bedifta di synleg i eit seriøst magasin til heile Øygarden.

Ta kontakt med oss for meir informasjon og prisar:
ys487@kyrkja.no

FRIVILLIG-LIVET



Hels på Inger Nelly Skoge

Kinderegg x3 eller 3x3 hurra!

Kinderegg 1: Eg likar dugnad, eg likar å lage ting. Dugnad og å lage ting blir BASAR.

Kinderegg 2: BASAR er samling av kjekke folk, loddsal med flaks og uflaks og flotte gevinstar, mat og prat.

Kinderegg 3: BASAR blir inntekter. Inntektene på basaren i Fjell kyrkje går til tre ulike formål: kyrkjelyden sitt barne- og ungdomsarbeid, utstyr og inventar til Fjell kyrkje og til misjonsarbeid.

Neste basar blir 18. oktober kl.16.00. Det blir kjekt.

Men før det møtes basargruppa for å planlegge, og det er også veldig kjekt!

Vil du vere med i det frivillige arbeidet i kyrkja?

Ta kontakt med diakon/-medarbeidar i di kyrkje, sjå s. 31.

Ny misjonsavtale i Landro



Frå venstre: Regionkoordinator Benedict Peter, soknerådsleiar Dag-Olav Bjørøy og misjonskontakt Alvild Vassel Eide.

Søndag 25. mai var regionkoordinator i Det Norske Misjonsselskap i Bergen, Benedict Peter, på besøk i Landro for å stadfest innngåing av ny misjonsavtale. Den nye avtalen gjeld frå 1. januar 2025, men no er plakaten komen på veggen og Benedict forklarte litt om innhaldet. Hovudfokus er støtte til Den Evangelisk-lutherske kyrkja i Kamerun si utsending av misjonærar til Mali, der dei for tida har fire ektepar som sine misjonærutsendingar. Men også andre prosjekt vil kunna få støtte frå Landro, f.eks. undervisning for døve og støtte til radio «Evangeliet Røst».

Tekst: Alvild Vassel Eide

Foto: Benedict Peter

Takkebenk

To gonger i haust blei det holdt lunsjbasar for å samle inn pengar til takkebenk. Så dersom ein går tur på Sartor senter, kan ein sjå den på austsida, utanfor Odeon kino. Takk for innsatsen til alle som var med og bidrog!

"Takkebenk / Livet og tanken og kroppen, tida og kjærleiken, Stunda akuart no ... Av og til er det godt å stanse litt, berre for å takke for alt / Helsing frå Den norske kyrkja i Øygarden"



Senterleiar Thomas Skålnes, Marthe Rennadal i avd. drift, Arne Stuksrud frå Basecamp, som bygde benken, og sokneprest i Fjell, Per Hjemdal.



Eit fellesskap å leva i

God mat, gode samtalar og sterke refleksjonar prega frivilligfesten i Sund kyrkje. Hein Anders Kvalheim delte si historie og sette ord på kva eit ekte fellesskap kan bety.

Tekst og foto: Olai Otterå

Nær 50 av dei frivillige i kyrkje-lyden i Sund møtte fram på frivilligfesten ein torsdag i juni. Det vart servert middag i form av ein gryterett, og kaffi og kaker. Men mat var ikkje det einaste som skjedde denne kvelden. Lars Arne Vik hadde ein del spørsmål til forsamlinga slik han òg hadde i fjar. Den nye kyrkjelydsspedagogen i Sund, Beate Sørhus, var òg frampå med ein del spørsmål som skulle gjera henne betre kjent med dei frivillige.

Eit hovudinnslag var gjesten for kvelden, Hein Anders Kvalheim. Han kjem frå Bergen, men bur på Straume og er aktiv i kyrkje-lyden i Foldnes kyrkje. Til dagleg jobbar han som økonomisjef og er daglig leiar på hovedkontoret i Sjømannskyrkja. Som 16-åring var Hein utsett for ei motorsykkellulukke som gjorde

at han brakk ryggen. Dei første åra etter ulykka, gjekk det likevel bra med han. Men etter kvart hamna han i rullestol. I 2013 var han med i programmet «Ingen grenser» på TV2 med Odd-Bjørn Hjelmeset som programleiar. Der var det 11 deltakarar med fysiske utfordringar som skulle ut på ein ekspedisjon.

På frivilligfesten tok han føre seg «Kirken og jeg – et fellesskap å leve i». Han trekte fram fire psykologiske grunnbehov som han meinte var viktige. Det var Tilhørsle, meining, meistring og sjølvbestemming. Når det galdt meining, følte han for sin eigen del at det var viktig at han trudde på noko som var større enn oss sjølve. Meistring er òg viktig, t.d. at han kunne gå i symjehallen åleine medan andre må ha nokon med seg. I ein større samanheng er det

snakk om livsmeistring, at ein har evne til å handtere utfordringane i livet. Sjølvbestemming trekte han òg fram som viktig, t.d. at ein 90-åring kan bu heime og gå på do åleine.

Men korleis kan ein så få kyrkje-lyden som eit fellesskap, bli ein del av det? Eit slikt fellesskap kjennest ved felles mål, interesser og hensikt. Det er snakk om aksept, mangfold, openheit, verdi, meining, motivasjon og deltaking. Om dette er på plass vil ein gjerne strekkje seg og finne at det er viktig å delta: Vi gjer noko saman.

Det var ein svært engasjert Hein Anders Kvalheim vi fekk høre på frivilligfesten, og han gav nok fleire noko å tenkja på.

Hjartevarm barnekorkonsert

Barnekora frå Fjell og Landro samla seg til ein fin konsert i Fjell kyrkje. Det vart ein kveld med song, glede og ei forteljing om Guds omsorg.



Tekst: Eivind Kasualnd Lie
Foto: Yngvild Mørner Sørheim

Siste tysdag i mai var det duka for den årlege barnekorkonserten i Fjell kyrkje. I timane før konserten vart siste førebuingar gjort, med lydprøvar, terping på songane og ikkje minst matøkter med hotdog og saft. Etter at alle nødvendige førebuingar var gjort, kunne arrangementet starte.

Songglade barn frå Fjell barnekor og Landro barne- og tweenskor opptredde med songar i fleire avdelingar. Andakten var ved sokneprest Per Hjemdal. På kreativt vis, ved hjelp av ein tommestokk, fortalte han om den lamme mannen som vart boren på ei båre fram til Jesus slik at han kunne gjere han frisk.

I løpet av klokketimen konserten varte, fekk vi også tid til ein kahoot, med premie til vinnarane. Siste song på programmet var «Under stjernene», ein song om Guds omsorg for oss menneske, og denne vart sungen av alle barnekorbarna som eit fellesnummer. Arrangementet vart avslutta med utdeling av takkegåver til frivillige, som på ulike måtar bidrog til å gjøre barnekorkonserten til eit fint arrangement for dei rundt 60 som var til stades i Fjell kyrkje denne tysdagskvelden. Som den perfekte avrunding, vart det også delt ut ispinnar til alle barn på veg ut av kyrkja.

18 år i fengsel - med nøkkelen

Mannsgruppen inviterer til et åpent arrangement med Ragnar Tesdal, torsdag 25. september kl. 19.30 i Foldnes kyrkje.

Ragnar Tesdal var tidligere fengselsprest og daglig leder av CRUX Kalfarhuset oppfølgingssenter. Gjennom tale, musikk og sang vil han formidle noen av sine erfaringer fra arbeidet med rehabilitering. I tillegg til Ragnar Tesdal deltar også erfaringskonsulent Frode Bodin og Ingrid Enge Drange med sang.

Arrangementet er åpent for både kvinner og menn. Velkommen!

Hva er Mannsgruppen (MG)?



- MG er et fellesskap:
 - med hygge og latter
 - med konkurranser (teoretisk) og krokanis
 - med foredrag og andakt
 - med refleksjon over livet og troen på Jesus Kristus
- MG har sine møter siste torsdag i måneden i Foldnes kyrkje.
- MG gir årlig et økonomisk bidrag til en kristen organisasjon.
- MG har ca. 50 medlemmer fra hele Øygarden prestegjeld.
- MG har plass til flere og du som er mann, er velkommen!

For mer informasjon ta kontakt med Leif Gunnar Madsen tlf. 932 58 768 eller Asbjørn Vilkensen tlf. 909 98 033



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

SØNDAG 31. AUGUST

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, prost deltek. Dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

Langøy kl. 11: Friluftsgudsteneste i samband med Langøymarknad, ved Per Hjemda. Offer: IKO.

Foldnes kyrkje kl. 11: Oppstartsgudsteneste ved Maria Tveten. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp. Offer: Modum.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Espen Tveten, dåp. Offer: KRIK.

SØNDAG 7. SEPTEMBER

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon, ved Ole Kristian Hamre. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: misjonsprosjekt Thailand/Laos.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med T4- og T6-dag, ved Maria Tveten. Offer: Søndagsskolen Norge.

Landro kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med T4- og T6-dag ved Morten Torsvik, dåp. Offer: Misjonsprosjekt NMS.

Hjelme gamle kyrkje kl. 11: Jubileumsgudsteneste ved Espen Tveten. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

SØNDAG 14. SEPTEMBER

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon, ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: Eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Øygarden KFUK/KFUM.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon, ved Maria Tveten, dåp. Offer: Ungdomsarbeidet.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, nattverd. Offer: eige arbeid.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Tro & Medier.

SØNDAG 21. SEPTEMBER

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd. Offer: Misjonsalliansen.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp. Offer: Eige arbeid, barn og unge.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes. Offer: eige arbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon, ved Morten Torsvik, dåp.

Hjelme kyrkje kl. 11: Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten, dåp. Offer: LAGET.

SØNDAG 28. SEPTEMBER

Sund kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd. Offer: Basecamp.

Foldnes kyrkje kl. 19: Kveldsgudsteneste med konfirmantpresentasjon, ved Maria Tveten. Offer: Sjømannskirken.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Misjon uten grenser.

SØNDAG 5. OKTOBER

Kausland kyrkje kl. 19: Ønskekonsert-gudsteneste ved Lars Arne Vik, nattverd. Offer: Modum.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: Normisjon

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, dåp. Offer: KIA Norge

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

SØNDAG 12. OKTOBER

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, nattverd og konfirmantjubileum.

Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

Offer: eige arbeid, musikkarbeid.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp.

Offer: misjonsarbeidet NMS

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd.

Offer: kyrkjelydsarbeidet.

TYSDAG 14. OKTOBER

Foldnes kyrkje kl. 19: Kvardagsmesse ved Maria Tveten

SØNDAG 19. OKTOBER

Kausland kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med hausttakkefest, ved Lars Arne Vik, dåp. Stjernekoret deltek. Offer: eige arbeid.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd. Offer: TV-aksjonen.

Foldnes kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med hausttakkefest ved Maria Tveten. Offer: Øygarden KFUK/KFUM.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste med hausttakkefest ved Morten Torsvik, dåp. Offer: TV-aksjonen.

Hjelme kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, nattverd. Offer: Åpne Dører

SØNDAG 26. OKTOBER

Sund kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd. Offer: NLA høgskulen.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

Offer: Kirkens SOS Bjørgvin.

Foldnes kyrkje kl. 19: Kveldsgudsteneste ved Jan Tommy Fosse. Offer: Areopagos.

Kontaktinfo

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Morten Torsvik, dåp og nattverd. Offer: eige arbeid.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp og nattverd. Offer: Menneskeverd.

SØNDAG 2. NOVEMBER

Sund kyrkje kl. 11: Allehelgens-gudsteneste ved Ole Kristian Hamre, dåp og nattverd. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

Fjell kyrkje kl. 11: Allehelgens-gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd. Offer: Eige arbeid, diakoni.

Foldnes kyrkje kl. 11: Allehelgens-gudsteneste ved Maria Tveten. Offer: Kirkens SOS.

Landro kyrkje kl. 11: Allehelgens-gudsteneste ved Morten Torsvik, nattverd. Offer: Misjonsprosjekt NMS.

Hjelme kyrkje kl. 18: Allehelgens-gudsteneste ved Espen Tveten. Offer: Stefanusalliansen.

SØNDAG 9. NOVEMBER

Kausland kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Lars Arne Vik, nattverd. Søndag for forfulgte kristne, besøk frå Åpne dører. Offer: Åpne Dører.

Fjell kyrkje kl. 11: Familie-gudsteneste med T4-dag,

ved Per Hjemdal, dåp.
Offer: Stefanusalliansen

Skjergardsheimen kl. 11:

Gudsteneste i samband med "menighetsweekend" i Foldnes sokn, ved Maria Tveten.

Landro kyrkje kl. 18: Kveldsgudsteneste ved Morten Torsvik. Offer: eige arbeid.

Blomvåg kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Espen Tveten, dåp og nattverd. Offer: Stefanusalliansen.

TYSDAG 14. NOVEMBER

Foldnes kyrkje kl. 19: Kvardagsmesse ved Maria Tveten

SØNDAG 16. NOVEMBER

Sund kyrkje kl. 19: Keltisk messe ved Lars Arne Vik, dåp og nattverd. Offer: KABB.

Fjell kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, dåp og nattverd.

Foldnes kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Ole Kristian Hamre. Offer: NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

Landro kyrkje kl. 11: Gudsteneste ved Jan Tommy Fosse, dåp. Offer: MAF.

Hjelme kyrkje kl. 12: Gospelgudsteneste og avslutting av konfirmantleir, ved Espen Tveten, dåp, Gospel Teens deltek. Offer: Gospel Teens.



Dåp betyr at det er høve til å ha dåp. Vi tek etterhald om at det kan komme endringar i gudstenestelista, følg med på SKJERIKYRKJA.NO

**Treng du nokon
å snakke med?**

**Ring eller skriv.
Vi er her. Alltid.**



22 40 00 40
soschat.no

KIRKENS
SOS

SOKNERÅDSLEIARAR

Sund sokneråd:
Arne Bakke, arne-bak@online.no

Fjell sokneråd:
Egil Nødtvedt, netgil@online.no

Foldnes sokneråd:
Per Helge Refvik,
perhelgerefvik@msn.com

Landro sokneråd:
Dag-Olav Bjørøy, bjoroy@online.no

Hjelme og Blomvåg sokneråd:
Erling Vik, erl-vik@online.no

FELLESRÅDSLEIAR

Gisle Kårbo Rong,
gislerong@hotmail.com

KYRKJEVERJE

Annlaug Børve, 473 04 530,
ab766@kyrkja.no

SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortalt oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse: 924 63 278

Seksjonsleiar diakoni
Bodil Lee Øksnes Espedahl: 930 94 210

Sokneprest i Sund, Lars Arne Vik:
477 56 440

Diakon i Sund, Torunn N. Utvær:
922 34 648

Sokneprest i Fjell, Per Hjemdal:
411 26 549

Diakoniarbeidar i Fjell,
Renate Olsen Seim: 930 36 160

Sokneprest i Foldnes, Maria Tveten:
450 63 016

Sokneprest i Landro, Morten Torsvik:
909 37 169

Diakon i Landro, Synnøve Engelsen:
950 55 178

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg ,
Espen Tveten: 916 17 800

Diakoniarbeidar i Hjelme og Blomvåg/
Foldnes, Ellen Ebbesvik: 924 42 881

Du kan også lese
om kyrkja si
verksemد på:
kyrkja.no/oygarden

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebæreklokka 2
5353 Straume



 DEN NORSKE KYRKJA
Foldnes sokn

Nytt tilbod i Foldnes kyrkje



**Frå august opnar vi dørene
til kyrkjestova i for felles
lunsj og småprat.**

Velkommen innom for matbit og
småprat onsdagar kl. 11.30-13.00.
Her blir det servering av brødmat,
suppe og kaffe. Ope for alle!
Ingen eteplikt.

27. august
10., 17. og
24. september
8., 15. 22. og 29. oktober
12., 19. og 26. november
10. og 17. desember



Rom for ei ny byrjing

I dåpen får vi løftet om at Jesus er med oss alle dagar.
Vi blir sameina med Kristus, og blir ein del av det
store fellesskapet i kyrkja. Dåp skjer vanlegvis i ei
søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs
gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd